

Vg2 transport og logistikk

*Følgjande kompetansemål henta frå hovudområdet **bransjeteknikk**:*

- utføre livreddande førstehjelp, sikre skadestaden ved trafikkulykker og slokke mindre branntilløp
- handtere og transportere varer med truck etter gjeldande forskrifter
- bruke og vedlikehalde vanlege tekniske hjelpemidlar ved transport og logistikkoppdrag
- planlegge og utføre handtering av farleg gods ved transport etter gjeldande regelverk

*Følgjande kompetansemål henta frå hovudområdet **transport og logistikk**:*

- arbeide etter dei krav Internkontrollforskrifta stiller til transport og logistikk
- gjere greie for prosedyrar ved transport av varer og personar over landegrenser
- forklare bruksområde for påbygg på lastebilar og bussar

Vg3 yrkessjåførfaget

*Følgjande kompetansemål henta frå hovudområdet **transport**:*

- gjennomføre og dokumentere teoretisk opplæring for tyngre køyretøy med hengar i samsvar med gjeldande regelverk
- gjennomføre og dokumentere transportoppdrag med tyngre køyretøy med tilhengar utan unødvendige miljøbelastningar i samsvar med gjeldande regelverk
- vurdere trafikkiletet og opptre forsvarleg og omsynsfullt i trafikken under transportoppdrag med skiftande veg- og føreforhold
- velje utstyr og metode som skal sikre last og personar i køyretøy i samsvar med gjeldande regelverk
- gjere greie for køyretøyet sin konstruksjon og verkemåte
- utføre enkelt vedlikehald og klargjering av køyretøy, utstyr og hjelpemidlar knytt til transportoppdrag.

*Følgjande kompetansemål henta frå hovudområdet **planlegging og drift**:*

- planlegge transportoppdrag i samsvar med kunden si bestilling, bedrifta sine rutinar og krav til sikker, miljøvennleg, effektiv og lønnsam drift
- behandle nasjonale og internasjonale transportdokument
- arbeide etter regelverk og avtalar som regulerer arbeidsforhold i yrkessjåførfaget, og gjere greie for arbeidsgjevaren og arbeidstakaren sine plikter og rettar.